

Tilknyttta organisasjonar;



Rauma kommune

Molde, 18. jan. 2024

Dette brevet sendes på vegne av Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, fylkets tre turistforeningar, fylkets 4 speidargrupper og 4 H Møre og Romsdal.

Oravatnet - inngrep i utløpet av vatnet

Vi viser til brev frå NVE av 16.01.2024 knytt til tiltak i utløpet av Oravatnet.

NJFF Møre og Romsdal skreiv ein rapport om ål i Ora- og Hamrevassdraget i 2023. Eit av bilda i denne rapporten viser eit inngrep i utløpet av Oravatnet. I ein epost av 20.12.2023 frå Statsforvaltaren bad dei om NVE eller kommunen såg på om tiltaka er i samsvar med løyve til utbygging av mikrokraftverk, t.d. eventuelt krav om minstevassføring.

I NVE sitt svarbrev skriv dei mellom anna; «Vi har heller ikkje opplysningar om at det er eigar av kraftverket som har gjennomført tiltaket. Tiltak som ikkje er omfatta av konsesjon etter vassressurslova bør følgjast opp etter plan og bygningslova eller anna relevant lovverk.»

FNF Møre og Romsdal er bekymra for ålen og Oravassdraget er rekna for å vere verdifull i så måte. Slik vi ser situasjonen ved utløpet av Oravatnet ser det ut til at utløpsbekken blir tørrlagt. På dette grunnlag ber vi Rauma kommune om ei tilbakemelding på korleis dette tiltaket i utløpet av Oravatnet er handsama etter plan- og bygningslov, naturmangfoldslova og anna lovverk.





Helsing

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Ingbjørn Bredeli

Fylkeskoordinator
FNF Møre og Romsdal



Kopi: Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Vedlegg: Rapport om Ål i Ora- og Hamrevassdraget – NJFF Møre og Romsdal nov 2023

Epost frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal av 20 des. 2023 om tiltak i utløpet av Oravatnet

Brev frå NVE om tiltak i utløpet av Oravatnet av 16 jan. 2024

